

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

HØYRING OM KYSTTORSK OG HAVDELING

Pelagisk Forening viser til høyringsbrev av 8.12.22.

Innleiing

Høyringsforslaga har svært dramatiske konsekvensar. Dette spesielt for båtar lengre enn h. h. v. 21 og 28 meter.

Pelagisk Forening meiner sjølvsagt at det er viktig å ta vare på stamma av kysttorsk. Pelagisk Forening har sjølvsagt forståing for at eventuelle biologiske omsyn kan gjera det naudsynt med regelendringar, men meiner at somme av endringsforslaga truleg er grunngeve i interessekonfliktar mellom fartøygrupper, og ikkje berre i biologiske tilhøve. Pelagisk Forening er difor negative til dei fleste av forslaga.

I «Innspill til kommende høring om kysttorskreguleringer» skriv HI m.a. at «HI har tidligere tilrådd maksimum 11 meter fartøystørrelse innenfor fjordlinjene og grunnlinja sør for Stad» Pelagisk Forening meiner det er rett at HI tek stilling til totalt uttak, men er noko undrande til at HI tek stilling til kva fartøygrupper som skal få fiska innanfor fjordlinjene.

Pelagisk Forening vil òg påpeika at i «Innspill til kommende høring om kysttorskreguleringer» skriv HI ikkje noko om at HI rår til at båtar over 21 og 28 meter ikkje skal få fiska innanfor h. h. v. grunnlinjene og firemila.

Forslag 1 og 2

«Fartøy på 21 meter største lengde eller mer må fiske etter torsk utenfor grunnlinjene.» og «Fartøy på 28 meter største lengde eller mer må fiske etter torsk utenfor 4 nautiske mil av grunnlinjene.»

Generelt meiner Pelagisk Forening at dersom biologiske tilhøve krev at det må setjast grenser for å unngå overfiske bør grensene vera i høve til bruksmengda/storleiken på bruket. Grensene bør ikkje vera storleiken på båtane.

Det blir bede om at direktoratet tek innover seg at våre medlemmar ikkje er negative til forslaget p. g. a. uvilje mot å gå litt lengre til havs for å fiska. Årsaka til at Pelagisk Forening er negative til forslaga er at det dei beste snurrevadfelta

er innanfor firemila. Det er altså neppe mogeleg å driva eit lønsamt fiskeri utanfor firemila. Dette gjeld spesielt i Aust-Finnmark.

Båtane som blir råka av forslaget vil difor få store problem med å fiska driftsgrunnlaget sitt.

Det uttalte siktemålet, med forslaget, er å verna kysttorsken. I dette lys er det underleg at det er reguleringar som har til sikte å auka uttaket av torsk utanfor skreisesongen, om det fører til fiske av kysttorsk. Som kjent er det òg mange sjarkar som fiskar kysttorsk i Kvænangen i sildesesongen.

Pelagisk Forening er òg uroleg for om at liknande reglar kan bli innført for hysa og sei seinare. Det vil eventuelt føra til store problem for denne flåten, og det vil ikkje vera fiskeri aust for Fruholmen.

Pelagisk Forening har inntrykk av at vern av kysttorsk blir brukt, av enkelte grupper, som argument i ønske om å sikra seg mindre konkurranse til bestemte sjøområde.

Pelagisk Forening meiner at å forby båtar over 28 m å fiska innanfor firemila er for drastisk. Båtar over 28 m må som eit absolutt minimum få fiska inn til grunnlinjene.

For snurrevadbåtar over 28 meter medfører forslaget, dersom det blir vedtatt, at frå Fruholmen og austover til Vardø vil det berre vera att tre tilgjengelege fiskefelt. Dette er Tanasnaget, Syltefjordtungen og Persfjordtungen. Dette vil truleg føre til et såpass hardt fiskeri at det vil ikkje vera lønsamt for flåten å berre fiska på desse felta. Mest truleg vil flåten måtte finna andre alternative fiskeplassar lengre vest.

Dette vil igjen medføra at dei største kystbåtane vil landa fangstane sine i område nær dei nye fiskeplassane, og ikkje på anlegga dei dei plar levera fangstane. Dette vil igjen kunne føra til råstoffmangel for fiskemottaka i Aust-Finnmark.

Dersom det er behov for å verna enkelte område må desse områda eventuelt vernast kvar for seg. Dette i staden for generelle forbod mot å fiska innanfor grunnlinja og firemila for h. h. v. båtar over 21 og 28 meter.

Forslag 3

«Det innføres forbud mot å ha om bord mer enn to lengder á 9 kveiler snurrevadttau á 220 meter ved fiske innenfor 4 nautiske mil av grunnlinjene.»

Pelagisk Forening er negativ til forslaget. Dette fordi forslaget fører til mindre effektivt fiske, større dieselforbruk, og større utslepp av klimagassar.

Forslaget synest å ikkje vera naudsynt. Dette fordi det totale uttaket blir styrt av storleiken på totalkvoten. Forslaget minskar ikkje fiskepress, men gjer fiskeriet dyrare, og mindre miljøvennleg.

Det overordna siktemål, med forslaget, synast å vera å redusera fiskerikapasitet. Måten fiskerikapasiteten er foreslått redusert, ei maksimal lengda med snurrevadlina om bord, synest å vera kontrollomsyn.

Vedtaking av forslaget vil medføra mykje unautsynt køyring. Spesielt med tanke på veksling mellom fiskefelt. Forslaget er såleis lite miljøvennleg. Regelen vil truleg òg føra til mykje lagring av snurrevadlina i sjø.

Som nemnt er Pelagisk Forening negative til forslaget, men dersom det er naudsynt å redusera fiskekapasitet må det skje på ein annan måte. Reiarlaga må ha lov å ha så mange snurrevadttau om bord som dei ønsker. Eventuelle innskrenkingar må vera på bruken.

Pelagisk Forening ber om at forslaget ikkje blir innført.

Forslag 4.

«Forbudet mot å fiske torsk innenfor fjordlinjene endres til å gjelde for fartøy over 11 meter største lengde (ned fra 15 meter).»

Pelagisk Forening er i mot forslaget. Dersom det er naudsynt, av biologiske omsyn, å redusera fiskepress/ det totale uttaket bør det heller innførast grenser for storleik på bruk.

Forslag 5.

«Minstemålet for torsk økes til 55 cm innenfor 4 n.m. av grunnlinjene.»
Pelagisk Forening har ikkje innvendingar til auking av minstemålet.

Pelagisk Forening meiner at det er viktig å avklara kor stor del av fangstane som kan vera under minstemål. Det er òg viktig å at dette kravet at ikkje blir så lågt at det er uråd å etterleva over tid. Det er viktig å ikkje kriminalisera

uunngåelege fangstar.

Forslag 6

«Tillatt innblanding av torsk under minstemål i fisket etter torsk med juksa og line økes til anslagsvis 20 % i antall i de enkelte fangster innenfor 4 n. m. av grunnlinjene, og 15-20 % ved garnfiske etter sei i samme område.»

Pelagisk Forening meiner at det er viktig å avklara kor stor prosentdel av fangstane, i snurrevad, som kan vera under minstemål. Det er òg viktig å at dette kravet at ikkje blir så lågt at det er uråd å etterleva over tid.

Forslag 7

«Hvert fartøy kan fiske etter torsk med maksimalt 80 garn innenfor fjordlinjene.»

Pelagisk Forening har ikkje innvendingar mot forslaget.

Forslag 9

«Ved fiske etter torsk med snurrevad skal det være kvadratmasker i fiskeposen med en maskestørrelse på minst 140 mm nord for 62°N innenfor 4 n.m. av grunnlinjene.»

Pelagisk Forening meiner at før ein slik regel eventuelt blir innført må det avklarast kor mykje torsk som er lov som bifangst i sei- og hysefisket. Bifangstprosenten, av torsk, må ikkje setjast så lågt at det går utover dei viktige sei- og hysefiskeria.

Forslag 11

«Forbudsområder i lokale reguleringer som forbyr bruk av snurpenot, snurrevad og andre notredskaper i Troms og Finnmark tilpasses slik at forbudsområdene i større grad samsvarer med kysttorskens gytefelt slik disse nå er definert på bakgrunn av gytekartlegging gjennomført av havforskningsinstituttet.»

Når kysttorsken skal vernast bør alt fiske i desse gytefelte stengast. Dette gjeld lina, garn, juksa, turistfiske etc. Det bør heller ikkje vera lov med torskeoppdrett i gyteområde.

Dispensasjonsreglar

Dersom forslaga blir vedtatt må det samstundes vedtakast dispensasjonsheimlar. Dett slik at direktoratet har rettsleg høve til å gje dispensasjonar, og såleis kan gje dispensasjonar raskt.


Det er naudsynt fordi forslaga er svært dramatiske for reiarlaga som får mindre område å fiska på. Desse reiarlaga kan får problem med å fiska kvotane sine, og forslaga i ytste konsekvens kan føra til konkursar og tap av arbeidsplassar. Dispensasjonsheimlar er difor naudsynt.

Bergen: 31.1.23

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar